

VEDTEKTER FOR USKEDAL VASSVERK SA

VEDTEKNE PÅ EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 27.05.2019

§ 1 Føretaksnamn og selskapsform

Namnet til selskapet er Uskedal Vassverk SA og er eit samvirkelag. Medlemmene heftar ikkje i høve til kreditorane for føretaket sine plikter.

§ 2 Forretningsstad

Forretningskontoret er i Kvinnherad kommune.

§ 3 Verksemd/føremål

Føremålet til laget er på beste måte å skaffa medlemmene vatn til husbruk og anna bruk ved å eiga og driva forsyningsanlegg for vatn fram til medlemmene. Forsyningsområdet til laget er nedre delen av Uskedalen og naturleg tilgrensande område.

Selskapet skal drivast basert på sjølvkostprinsippet og med allmennyttige føremål som basis.

§ 4 Medlemsskap

Dei som vil verta medlemmer i laget skal skyta inn eit beløp, for tida kr 15.000,- for parten sin. Storleiken på summen vert i framtida å fastsetja av årsmøtet. Summen må vera innbetalt før vatnet vert kopla til/teke i bruk.

Partseigaren har då rett til å få vatn til eitt våningshus og eitt uthus i tilknytning til våningshuset, dette mot å betala fastsett vassavgift.

Alle innan eit avgrensa område skal ha høve til å verta medlemmer i laget ved å godta laget sine vedtekter og betala det innskotet som er fastsett og den meirkostnaden som den seinare tilknytninga medfører. Søknad om å verta medlem i laget skal sendast til styret for laget som skal ha den endelege avgjerd.

Oppseiing av medlemskap må gjerast med 3 månaders varsel. Utmelding gir ikkje rett til å krevja utbetaling av innskot eller del av eventuell verdiskaping.

Styret fører register over medlemmene i laget.

§ 5 Styre

Laget vert leia av eit styre på 5 personar som alle vert valde for 2 år av medlemmene på årsmøtet. Styret vel sjølv sin leiar og fastset godtgjersle til leiar og styremedlemmer. Årsmøtet vel også ei valnemnd på 3 personar.

Årsmøtet bestemmer om det skal veljast varamedlemmer til styret.

Styret skal tilsetja forretningsførar og fastsetja løna hans.

§ 6 Representasjon

Leiaren i styret og eitt styremedlem i fellesskap teiknar samvirkelagets firma.

§ 7 Årsmøte

Årsmøtet er laget sitt øvste mynde. Dette skal haldast innan utgangen av april månad og vert kalla inn med minst 8 dagars varsel ved oppslag om kva som kjem føre på møtet. Oppslaget skal innehalda orientering om kvar medlemmene kan få tilgang til dokumenta.

Årsmøtet skal ta avgjerd om:

1. Godkjenning av årsmelding og rekneskapen.
2. Foreta dei i § 5 nemnde val.
3. Spørsmål om godkjenning av kontraktar gjeldande utviding eller innskrenking av leidningsnett, sal eller opptak av lån og om brigde i vedtektene.
4. Godkjenning av instruksar og elles andre saker som vert førelagt av styret.

Årsmøtet vert leia av leiaren i styret. Alle vedtak vedkomande dei i pkt. 3 nemnde saker må ha 2/3 fleirtal og desse 2/3 må representera minst halvparten av parts-eigarane. Er ikkje årsmøtet fulltalig, kan nytt årsmøte haldast og sakene avgjerast med 2/3 fleirtal av dei frammøtte.

Dei andre sakene vert avgjort ved vanleg fleirtal.

Kvart medlem har ei røyst. Har medlemmen skote inn fleire andelar, har medlemmen ei røyst for kvar 5 partar.

På årsmøtet skal det førast møtebok som skal underteiknast av to medlemmer valde av årsmøtet.

§ 8 Revisor

Laget skal nytta seg av registrert revisor til revisjon av laget sin rekneskap. Revisor skal veljast av årsmøtet.

§ 9 Tilknyting m.m.

Nye partseigarar må sjølve bera alle kostnader med tilknyting etter anvising frå laget. Laget overtek det godkjente leidningsnett vedderlagsfritt fram til 25 m frå partseigaren sitt hus eller eventuelt ved eigedomsgrensa. I byggefelt må feltet vera tilrettelagt og godkjent før vassverket overtek anlegget vederlagsfritt.

All installasjon skal vera utført av godkjend rørleggjar og alle planar skal vera godkjent av laget før arbeidet startar. Huseigar må sjølv syta for å vedlikehalda leidningsnett sitt frå 25 m/eigedomsgrensa og inn til huset. Vatnet må ikkje overlatast til andre mot eller utan betaling. Alle partseigarane gjev fri grunn for å koma fram med leidningsnett.

Når det gjeld installasjonar som høgdebasseng, trykkaukestasjonar ol. så driv og byggjer laget desse, men styret skal då i kvart einskilt tilfelle krevja anleggsbidrag frå utbyggjar i høve til nytteverdi.

§ 10 Vassavgifta

Vassavgifta skal betalast forskotsvis for kvart år. Vert ikkje avgift betalt i rett tid, har styret rett og plikt til å stengja vatnet for vedkomande, men først etter at vedkomande har fått skriftleg varsel med rimeleg frist til å betala.

For alle fråkopling og ny tilkopling skal det krevjast minimum kr 1.000,- i gebyr. Faktiske kostnader utover minimumsgebyret kjem i tillegg etter faktura. Storleiken på minimumsgebyret skal for ettertida fastsetjast av årsmøtet.

§ 11 Ansvar

Laget er utan ansvar om det skulle inntreffa stogg i leveringa av vatn som følge av turvande ettersyn og reparasjonar, og elles andre tilhøve som laget ikkje er herre over. Huseigaren kan i slike høve ikkje få avslag i vassavgifta.

§ 12 Vassretten

Retten til å få levert vatn føl eigedomen. Dersom ein partseigar sel eigedomen sin, går rettar og plikter over til den nye eigaren. Den nye partseigaren som overtek eigedomen, overtek også ansvar for eventuelt påløpt ubetalt vassavgift så langt lova tillet dette.

Ein partseigar kan leggja parten sin sovande i inntil 3 år. Etter dette må det betalast årleg avgift, eventuelt betalast for ny part.

§ 13 Disponering av overskot

Eventuelt overskot på driftsrekneskapet etter at renter på gjeld, tilsyn og vedlikehald er betalt, skal tilleggjast eigenkapitalen til selskapet og nyttast til fornying av driftsmidlar m.m.. Medlemskap og andelar i selskapet gjev ikkje rett til utdelingar. Vassverket skal såleis ikkje gå med overskot over tid, men sikra forsvarleg drift og framtidige investeringar basert på sjølvkostprinsippet, jf. § 3 ovanfor.

§ 14 Årsavgifta

Kvar partseigar skal svara årsavgift i høve til vedtak på årsmøtet.

Den enkelte partseigar må sjølv leggja fram naudsynt dokumentasjon for at eigdommen skal koma i prisgruppe 100.

For alle næringsverksemdar og storforbrukarar av vatn, skal styret for vassverket til kvar tid fastsetja avgifta. Ein nyttar minsteavgift i samsvar med prislista som grunnlag for utrekning av endelig årsavgift for næringsverksemd/lag. Hå storforbrukarar kan det også nyttas vassmålar etter avtale med partseigar. Gardsbruk har eiga prisgruppe etter storleik og stipulert forbruk.

Årsavgifta har forfall 15. mars og 15. september. Har årsmøte justert avgifta i løpet av året så kjem den endringa i tillegg ved forfall 15. september. Styret kan avvika frå årsavgifta i dei tilfeller den vert urimelig for abonnenten. Prislista er endra i høve til vedtak på årsmøte 08.05.2019.

§ 15 Opplysning

Vedtak om å oppløysa samvirkelaget vert treft av årsmøtet med fleirtal som for vedtektsendring.

Framlegget om oppløysing av føretaket må setjast fram minst 6 månader før innkalling til årsmøtet. Når samvirkelaget er vedteke oppløyst skal årsmøtet velja eit avviklingsstyre som trer i staden for styret. Valet gjeld på ubestemt tid, med ein oppseiingsfrist for medlemmene i avviklingsstyret på 3 månader.

Verksemda til laget kan halda fram under avviklinga i den utstrekning det er ønskjeleg for ei tenleg avvikling av verksemda.

Ved avvikling av vassverket har medlemmene ikkje rett til utdelingar. Midlane til laget skal i så tilfelle overførast til den institusjon, offentleg eller privat, som overtar plikta til å forsyna medlemmene i laget med vatn, og som vert drive basert på sjølvkostprinsippet og med allmennyttig føremål som basis. Alternativt kan midlane overførast til annan institusjon med allmennyttig føremål.

§ 16 Lovregulering

Det vert elles vist til lov om samvirkeføretak av 29.06.2007 som gjeld med mindre noko anna er fastsett i desse vedtekter.

Vedtektene skal gjelda frå 08. mai 2019